



SVEIO
kommune

REGULERINGSVEDTEKTER FOR GOLFBANE I SVEIO.

JD 2005007

HTN 060/05
Vedl. 1

2. byggjestege

Sveio kommuneblye sak nr. 047/05
Vedlegg 1

§1. FØREMÅL

- 1.1 Kommuneplanen viser at området er avsett til golfbane.
- 1.2 Innafor det regulerede området skal arealbruken vera som vist på reguleringskartet dagsett 8.februar 2002.

Arealet er regulert som følgjer:

SPESIALOMRÅDE

§2. SPESIALOMRÅDE

- 2.1 I spesialområdet kan det byggjast golfbane med treningsbane og tilhøyrande anlegg.
- 2.2 I området kan det førast opp mindre bygningar som lager/redskapshus, varmestove, mindre tekniske bygningar etc.
- 2.3 Anlegget kan ikkje byggjast ut før det ligg føre utbyggingsplan (pbl. §28-2) for anlegget som viser dei ulike banane med teestader, fairways, greenar, dammar, vannspeil og bunkarar. Planen skal og visa gangstiar, utsiktspunkt etc.
- 2.4 Mindre endringar i bekkeløp og vatn kan gjerast der det er nødvendig for utforminga av banane eller for å gjera strandkanten sikrare.
Der det er nødvendig for banar eller stiar å kryssa vatn eller bekker, skal det lagast bruer. Bekker skal ikkje leggjast i røyr.
- 2.5 Der det er banar eller stiar kan det hoggast skog og vegetasjon.
I terrenget utafor sjølve banane skal det ikkje gjerast inngrep i terrenget eller eksisterande vegetasjon.
- 2.6 Randsona mot Hinderlivatnet skal vera så stor som råd er, og vegetasjonen og skogen skal ikkje rørast her.
- 2.7 Der det er registrert fornminne i området, skal dei liggja urørt. Dersom det blir funne fornminne i samband med utbygginga, skal arbeidet stoppa og rette instansar skal bli varsla.
- 2.8 Jordlova skal framleis gjelda innafor planområdet.

§3. FELLES FØRESEGNER

- 3.1 Området kan nyttast til rekreasjon, friluftsliv og andre aktivitetar som ikkje er til hinder for golfaktivitetane.
- 3.2 I krisesituasjonar kan det bli kravd at golfområdet blir ført tilbake til landbruksføremål.

Reviderte juni 05.

Postadr.:	Telefon:	Telefax:	Org.nr.	Bankgiro:	E post:
Postboks 40	53 74 80 00	53 74 80 01	864967272	3506 07 10323	postmottak@sveio.kommune.no
5559 Sveio					